



RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKSIKRING 2017-2020

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM 08.02.2017



Vedteke av Øygarden kommunestyre.....

Innhald

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringar for arbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensingar av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

1. Bakgrunn for planarbeidet

Gjeldande kommunedelplan for trafikksikring 2012 -2016 vart vedteken av kommunestyret 07.11.12. Handlingsplanen, med forslag til tiltak skal vurderast årleg og kommunedelplanen skal rullerast kvart 4. år.

Handlingsplanen har vore vurdert i perioden 2012-2016, mellom annen med ei prioriteringsliste på 10 punkt av alle tiltak. Nokre tiltak er gjennomført.

Kommunestyret vedtok den såkalla planstrategisaka hausten 2016. Her vart det bestemt at trafikksikringsplanen skulle rullerast. Då dette er ein kommunedelplan i hht plan- og bygningslova, er det krav om framlegging av planprogram.

Planen gjeld for alle fylkeskommunale- og kommunale vegar i Øygarden kommune (det er ikkje riksvegar i kommunen). Planen innbefattar også ikkje private vegar. Sentrale aktørar er Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune. Desse har stor interesse for innhaldet i planen med tanke på handlingsplan og prioritering av tiltak.

Auka utbygging, endringar lokalt og utførte tiltak fører til behov for nye innspel og ein evaluering av eksisterande handlingsplan med tiltak. Det er viktig å ha ein oppdatert plan når kommunen m.a. skal søkja om tilskot for gjennomføring av tiltak.

2. Føremål

Øygarden har vore ein vekstkommune med høg innflytting i over 30 år. Dette har vore svært merkbar i åra 2011-2014 då folkeveksten var over 3 prosent årleg. Dei siste åra har folkeauken gått noko ned, men er fortsatt høg i 2016 (over 2 prosent). Kommunen legg opp til vidare vekst både i kommunesentra og i bygdene. Kommunedelplan for Rongøy og Områdeplan for Rong senterområde (sentrumsplanen) er våren 2017 i slutfasen. Desse planane vil opna for auka bustadbygging og fortetting i Rong sentrum. Også i andre krinsar vil nye arealplanar med påfølgjande utbygging gje dei same utfordringane. Ein kommune i fysisk endring krev oppdaterte tiltak og verkemidlar for å sikra trygg skuleveg og forbetring av trafikksikringsstatusen. Frå 2020 vert «gamle Øygarden» ein del av «nye Øygarden». Nye planar for heile den nye kommunen vil då ta opp i seg trafikksikringsstatusen i alle dei gamle kommunane og behovet for samla tiltak og handlingar.

Kommunedelplanen for trafikksikring skal vera eit verktøy for å oppnå målsetjingane kommunen har for trafikksikringsstatusen i Øygarden kommune.

Gjennom planarbeidet skal ein sikra tilstrekkeleg forankring gjennom medverknad frå innbyggjarar, fylkeskommunale – og statlege samferdsleorgan.

3. Føringar for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i kap 5 i eksisterande plan. Tiltaka vil verta evaluert og vurdert på nytt saman med nye innspel. Førebyggjande tiltak er etablert. Det vert lagt vekt på det førebyggjande

arbeidet i denne rulleringa . Arbeidet vil og inkludera oppdatering av statistikkar, grafar m.v i kap. 2 og 3 med dei sist tilgjengelege tala. Visjon og målsetjing vil stå slik den er gjeven i gjeldande plan.

Andre planar og dokument om kan gje føringar på planarbeidet:

- Nasjonal Transportplan (NTP)
- Regional Transportplan for Hordaland
- Folkehelseplan for Hordaland
- Kommunal planstrategi 2017-2020
- Øygarden kommune sin komuneplan, Samfunnsdelen
- Folkehelsemelding for Øygarden kommune

4. Mål

Det vert ikkje lagt opp til full revisjon av kommunedelplanen. Øygarden kommune vert samanslegen med Fjell og Sund frå januar 2020. Tidshorizonten for det rullerte framlegget er fram mot januar 2020.

Mål for Øygarden: *Trafikksikringstiltak og positive haldningar skal redusera ulukkene i Øygarden kommune med minst ein tredjedel innan 2020.*

Kommuneplanen sin samfunnsdel kap. 10 omtalar samfunnstryggleik og trafikksikring. Kommuneplanen vart vedtek i 2014 (etter at Trafikksikringsplanen var vedteken i 2012) . Houdmålet er:

«Øygarden kommune skal vera en trygg kommune å bu, leva opphalda seg og arbeida i.»

Denne strategien er oppført i samfunnsdelen om trafikksikring:

- Sikra at kommunen har trygge skuleveggar og oppdaterte trafikksikringstiltak, jfr revisjon av trafikksikringsplanen

Målet med denne rulleringa er:

- Få ein oppdatert kommunedelplan for trafikksikring
- Få ei oppdatert framstilling av dei tiltaka som skal prioriterast i åra fram mot 2020 i samarbeid med statlege og regionale aktørar

5. Tema og avgrensingar av innhald

I planprosessen legg kommunen opp til å rullera følgjande delar i kommunedelplan for trafikksikring:

- Hovudfokus er på kap. 5 Handlingsdel i eksisterande plan
- Handlingsdelen vert oppdatert med både fysiske og haldningsskapande tiltak
- Planen skal verta oppdatert med siste tilgjengelege talmateriale (kap. 2 og kap 3)
- Konsekvensar av nye utbyggingar skal kartleggjast og vurderast m.o.t. trafikksikring

6. Planprosess og medverknad

6.1 Organisering

Politisk styringsgruppe:	Formannskapet
Arbeidsgruppa:	Desse er med: Kommunalsjef for tekniske tenester Kommuneplanleggjar, teknisk plan og forvaltning Einingsleiar, teknisk plan og forvaltning Representant for teknisk drift og service (vegavd.)

Undervegs kan arbeidsgruppa konsultera statlege, fylkeskommunale og andre instansar.

6.2 Medverknad i planprosessen

I prosessen legg ein opp til ein avgrensa grad av medverknad. Ein fullverdig og open medverknad tilsvarande som ved arbeidet med den første planen vil verta for tidkrevjande og omfattande. Planen har kort horisont. Eit nytt regime i ein samanslått ny kommune definerer nye planar og prioriteringar frå januar 2020. Kommunen sine samla planressursar dei neste åra vil i stor grad måtta setjast inn i det førebuande arbeidet med kommunesamanslåinga. Innbyggjarar, samarbeidspartnarar og andre kan koma med sine innspel, kommentarar og forslag via høyringsperioden, både på planprogrammet (våren 2017) og framlegget til planutkast (hausten 2017). Rådmannen meiner dette er tilstrekkeleg omfang til medverknad ut frå nemnde føresetnader. Sjå også punkt 6.3

6.3 Høyring

Høyring av rullert kommunedelplan vert sendt Fylkeskommunen, Statens Vegvesen, nabokommunane og Trygg Trafikk. Dokumentet vil og verta lagt ut på heimesida til kommunen, linka til vår offisielle FB-side samt tilgjengeleg på servicetorget. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i lokalavisa. Høyringsfristen er sett til seks veker. Dette er i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-4 og 11-51

7. Framdrift

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan trafikksikring:

Aktivitet	Vår 2017	Haut 2017
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	10.02	
Handsaming av planprogrammet formannskapet – ut til høyring	08.03	
Offentleg kunngjering	Veke 10	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	20.04	
Endeleg tilråding av planprogramm - formannskapet	10.05	
Vedtak av planprogram - kommunestyret	24.05	
Framlegg til kommunedelplan om Trafikksikring – formannskapet vedtak om høyring		13.09
Frist for merknader og innspel til kommunedelplan for trafikksikring		26.10
Endeleg vedtak Kommunedelplan for trafikksikring - formannskapet		15.11
Endeleg vedtak Kommunedelplan trafikksikring – Kommunestyret		13.12

Parallelt med den politiske handsaminga av planprogrammet, vil arbeidsgruppa innhenta naudsynt statistisk materiale og elles oppdatere faktagrunnlaget så langt det let seg gjera. På denne måten vert tid spart og målet om å landa planarbeidet innan fristen kan bli nådd.